

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Økonomisk sosialhjelp



VANYLVEN KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet –

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «**Økonomisk sosialhjelp Vanylven kommune**».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke administrasjonen og Nav-kontoret i Vanylven for tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 22.10.18

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innhold

Samandrag	4
Anbefalingar	5
1 Innleiing.....	6
1.1 Økonomisk sosialhjelp	6
1.2 Aktivitetsplikt.....	6
2 Målsetting og problemstilling.....	6
3 Revisjonskriterium.....	7
3.1 Enkeltvedtak ved økonomisk sosialhjelp	7
3.2 utgreiings- og informasjonsplikt	7
3.3 Tenestemottakar sin livssituasjon	8
3.4 Grunngeving for enkeltvedtak	8
3.5 dokumentering.....	8
3.6 Aktivitetsplikt.....	9
3.7 Sakshandsamingstid	10
4 Metode og gjennomføring	11
4.1 Dokument.....	12
4.2 Verifisering av data.....	12
4.3 Avgrensing	12
5 Deskriptiv analyse.....	13
5.1 Oversikt over utbetalingar 2015-2018:.....	13
5.2 Detaljert oversikt utbetalingar for kvart år:.....	13
5.2.1 Utbetalingar 2015	13
5.2.2 Utbetalingar 2016	14
5.2.3 Utbetalingar 2017	14
5.2.3 Utbetalingar første halvår 2018.....	15
6 Problemstilling 1.....	15
«Har kommunen etablert tilfredstillande rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp?».....	15
6.1 Revisjonskriterium	15
6.2 Fakta	16
6.2.1 Enkeltvedtak – form og innhald	16
6.2.2 Innhenting av dokumentasjon	17
6.2.3 Sakshandsamingstid.....	17
6.3 Vurdering.....	17
6.3.1 Enkeltvedtak – form og innhald	17
6.3.2 Innhenting av dokumentasjon	18
6.3.3 Sakshandsamingstid.....	18
7 Problemstilling 2.....	19
Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps-mottakarar under 30 år? Blir aktivitetsplikta overheldt?.....	19
7.1 Revisjonskriterium	19
7.2 Fakta	19
7.3 Vurdering.....	20
8 Anbefalingar	21
9 Rådmannen sin kommentar	22

Samandrag

Kontrollutvalet i Vanylven kommune gjorde i sak 24/18 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til økonomisk sosialhjelp. Målsettinga for prosjektet er å vurdere om grunnlag for vedtak om utbetaling er tilstades (tilfredstillande informasjonsinnsamling og dokumentasjon). Ein ønskte også å sjå om kommunen stiller krav til aktivitet for sosialmottakarar under 30 år (nytt i 2017).

Økonomisk sosialhjelp Vanylven frå 2015 - 1.halvår 2018.

I Vanylven var det i 2015 totalt 44 brukarar som tok i mot økonomisk sosialhjelp. Det blei gjennomført 317 utbetalningar som utgjorde tilsaman 1 355 819kr. I 2016 såg ein nedgang både i antal brukarar (37) og utbetalningar (226). Dei totale utbetalingane var på 929 338 kr. Ein såg vidare ein nedgong også i 2017 med 32 brukarar 238 utbetalningar og totalt 825 912 kr utbetalt. For første halvår 2018 var det ein markant auke i antal brukarar og utbetalningar. Pr 30.06.18 hadde ein 38 brukarar som hadde fått utbetalt 1027 640 kr fordelt på 258 utbetalningar. Dette er ca 200 000 kr meir enn for heile 2017. Sjå kapittel 5.2 for utfyllande og meir detaljerte oversikter.

Totale utbetalningar i høve økonomisk sosialhjelp			
År	Antal brukarar	Antal Betalingar	Sum betalingar
2015	44	317	1 355 819
2016	37	226	929 338
2017	32	238	825 912
1.H 2018	38	258	1 027 640

Problemstilling 1

«Har kommunen etablert tilfredstillande rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp?»

Enkeltvedtak

Alle enkeltvedtaka følgde same mal og utforming og oppfylte krava i høve forvaltningslova. Kommunen har valgt å dokumentere eventuell dialog og viktige saksopplysningar i sjølve enkeltvedtaket. Dette gjer at all informasjon som har vore innhenta går fram av sjølve enkeltvedtaket. Dette vil bidra til at mottakaren gjennom enkeltvedtaket får innblikk i dei faktiske forholda som har vore avgjerande for vedtaket.

Innhenting av dokumentasjon:

Gjennomgangen viste at dokumentasjonen i høve enkeltvedtak generelt sett var god når det gjaldt dokumentering av utgifter, men i enkelte saker spesielt knytt til livsopphald/buutgifter, var ikkje dokumentasjonen god nok på formuesida.

Kommunen bør dokumentere alle inntekter og innhente kopi av likningsoppgåve over alle klientar. I tillegg til at underdokumentasjonen bør ligge i saksmappene, bør det i vedtaka gå fram ei oversikt som syner all dokumentasjon som har vore nytta i vurderinga av søknaden (også dokumentasjon som evt. har vore innhenta i samband med tidlegare vedtak). Dette vil kunne bidra til at sakshandsamar lettare får oversikt innhenta dokumentasjon samt kva ein saknar/bør innhente.

Sakshandsamingstid:

Dei fleste søknadane var handsama innan ei veke og fleire var handsama same dag som søknaden. I tre av dei kontrollerte vedtaka såg ein ei sakshandsamingstid på over ein månad. I dei tre sakene skuldast den lange sakshandsamingstida at ein venta på dokumentasjon over utgifter (faktura). Ein vurderer sakshandsaminga i dei kontrollerte sakene som tilfredstillande.

Problemstilling 2

«Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps-mottakarar under 30 år? Blir aktivitetsplikta overholdt?»

Vurdering av aktivitetsplikt og vilkår for aktivitet:

Gjennomgangen av enkeltvedtak viste at i dei fleste sakene hadde kommunen ikkje vurdert aktivitetsplikta i vedtaka. I ingen av vedtaka var det satt vilkår for aktivitet. Kommunen bør utarbeide ei rutine for at alle klientar under 30 år blir fanga opp og vurdert mht. aktivitetsplikt og at vurderinga går skrifteleg fram i stønadsvedtaket. Ein bør også vurdere om det skal settast vilkår for aktiviteten.

Aktivitet/ arbeidsretta tiltak nytta i Vanylven kommune:

Kommunen viser til fleire arbeidsretta tiltak og aktivitetar. Det går derimot i svært liten grad fram av stønadsvedtak om desse tiltaka/aktivitetane har vore nytta i samband med å stille krav til aktivitet for sosialhjelpsmottakarar under 30 år. Vi har derfor ikkje grunnlag for å kunne seie at arbeidsretta tiltak har vore nytta mot sosialhjelpsmottakarane under 30 år.

Kommunen bør få på plass rutine for å fange opp og følgje opp klientar under 30 år med omsyn til aktivitetsplikt og eventuelle vilkår. Kommunen bør vurdere om dette arbeidet/ansvaret fell under «Jobbsjanse for unge vaksne» sitt virke då deira hovudmål skal vere å drive individuell oppfølging for å sikre unge vaksne eit aktivitetstilbod.

Anbefalingar

1. Kommunen bør dokumentere alle inntekter og innhente kopi av likningsoppgåve over alle klientar.
2. Kommunen bør utarbeide ei rutine for at alle klientar under 30 år vurdert mht. aktivitetsplikt og at vurderinga går skrifteleg fram i stønadsvedtaket.
3. Kommunen bør i samband med vurdering av aktivitetsplikt også vurdere om det bør settast eventuelle vilkår for aktiviteten.
4. Kommunen bør få på plass ei ordning der klientar under 30 år blir fanga opp og kontinuerlig følgt opp med omsyn til aktivitetsplikt og eventuelle vilkår.

1 Innleiing

Kontrollutvalet i Vanylven kommune gjorde i sak 24/18 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til økonomisk sosialhjelp. Målsettinga for prosjektet er å vurdere grunnlag for vedtak om utbetaling er tilstades (tilfredstillande informasjonsinnsamling og dokumentasjon). Ein ønske også å sjå om kommunen stiller krav til aktivitet for sosialmottakarar under 30 år (nytt i 2017).

1.1 Økonomisk sosialhjelp

Økonomisk sosialhjelp er ein stønad som blir gitt frå NAV til personar som ikkje er i stand til å ta ansvar for eige livsopphald.

Den som ikkje klarer å ta ansvar for sitt livsopphald gjennom arbeid eller andre inntektsgivande ordningar (for eksempel trygderettar), har krav på økonomisk stønad. Utgangspunktet er imidlertid at kvar enkelt først skal utnytte eigne moglegheiter eller hjelpeordningar for å kunne forsørgje seg sjølv. Når alle reelle moglegheiter er utnytta fullt ut - men ikkje strekker til - har ein krav på økonomisk stønad til livsopphald.

Økonomisk sosialhjelp er en skjønsmessig yting. NAV har både rett og plikt til å utøve skjønn ved vurderinga av om det skal ytast stønad, og ved utmåling av stønaden. Stønaden skal bereknast på grunnlag av en konkret vurdering av den enkelte sine faktiske behov. Loven gir ikkje rettleiing om det konkrete stønadsnivået.

1.2 Aktivitetsplikt

Frå 1. januar 2017 skal kommunen stille krav om aktivitet for sosialmottakarar under 30 år.

Formålet med aktivitetsplikta er å styrke sosialhjelp mottakarane sine moglegheiter for overgang til arbeid, utdanning eller klare å forsørgje seg sjølv på ein annan måte enn ved økonomisk stønad. Når det stillast vilkår, skal det bidra til å motivere og påverke mottakarane av sosialhjelp til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon. Det er særskilt viktig at unge kjem raskt ut i aktivitet som kan hjelpe dei ut av eit passivt tilvære.

2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga for prosjektet vil vere å vurdere om grunnlag for vedtak om utbetaling av økonomisk sosialhjelp er tilstades (tilfredstillande informasjonsinnhenting) og om kommunen nyttar vedtekne satsar ved utbetaling. I tillegg vil ein undersøke kravet om aktivitetsplikt for mottakarar under 30 år.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen etablert tilfredstillande rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp?

2. Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps-mottakarar under 30 år? Blir aktivitetsplikta overheldt?

Problemstillingane vert belyst ved hjelp av eit eller fleire revisjonskriterium som går fram i kapittel 3.

3 Revisjonskriterium

3.1 Enkeltvedtak ved økonomisk sosialhjelp

Sosialtenestelova §41 seier at alle avgjerdsalar om tildeling av sosiale tenester reknast som eit enkeltvedtak. Tildeling av økonomisk sosialhjelp omfattast dermed av forvaltningslova sine bestemningar om sakshandsaming, og skal gjelde med dei særreglar som er fastsatt i sosialtenestelova, jfr sosialtenestelova § 41.

Formålet med sosialtenestelova §1 er: *«å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og selvstendig»*. Lova framhevar spesielt moglegheita til å leve og bo sjølvstendig som retningsgivande.

For å betre levekåra til vanskelegstilte, opnar sosialtenestelova for moglegheita om krav til økonomisk støtte for dei som ikkje kan sørge for eige livsopphald gjennom arbeid, egne midlar eller andre økonomiske rettigheter, jfr sosialtenestelova § 18. Kommunen kan i særlege tilfelle sjølv om vilkåra i § 18 er til stades, yte økonomisk hjelp jf. Sosialtenestelova § 19.

3.2 utgreiings- og informasjonsplikt

Før ei eventuell utbetaling av økonomisk stønad skal NAV foreta ei utgreiing av hjelpebehovet og sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg før det vert fatta vedtak, jfr. forvaltningslova §17. Ei utgreiing kan bidra til færre klager og vere med og fremme ei effektiv sakshandsaming.

Utgreiingsplikta inneberer både å undersøke forhold, eller be om ytterligare avklaringar eller dokumentasjon. Kor omfattande undersøking bør vere må sjåast i samanheng , med faktiske moglegheiter, kor viktig det er at saka vert avgjort rask og akseptabel tids- og ressursbruk. Det stillast strengare krav til undersøking i saker som gjeld omfattande eller som gjeld vanskelige inngrep ovanfor søkeren.

Av sosialtenestelova § 42 skal NAV rådføre seg med tenestemottakaren. Tilbodet om utbetaling av økonomisk stønad skal i den grad det er mogeleg utformast i samarbeid med tenestemottakaren. Og mottakarane skal ut i frå sine føresetnadar aktivt gjevast moglegheit til å utforme tenestetilbodet. NAV skal vere tydelege på kva ein forventar av tenestemottakar og kva tenestemottakar kan forvente av rettleiar og NAV.

3.3 Tenestemottakar sin livssituasjon

Etter forsvarlegheitskravet etter sosialtenestelova § 4 og rundskriv 35 skal stønaden vurderast ut i frå ei konkret og individuell vurdering av den noverande situasjonen. Det skal bla. gjerast ei vurdering av hjelpebehov, stønadsbeløp og stønadsform. Det skal gjennomførast ei skjønnsmessig vurdering der det skal takast omsyn til den totale livssituasjonen til tenestemottakaren. I vurderinga skal det takast omsyn til familiesituasjon, størrelse på bustaden, bu-situasjon, alder og helse.

NAV- kontoret må utforme eit tenestetilbod som i størst mogeleg grad fremmar hjelp til sjølvhjelp og sjølvforsyting . Det skal vere ei balansert vurdering mellom forsvarlig livsopphald og eit stønadsnivå som motivera til å skaffe inntektsgivande arbeid, delta i kvalifiseringsprogram, arbeidsmarkedstiltak eller andre aktivitetar som kan fremje overgang til arbeid jf. rundskriv 35.

3.4 Grunngeving for enkeltvedtak

Eit enkeltvedtak om utbetaling av sosial stønad skal forankrast i sosialtenestelova § 18. Når det vert fatta enkeltvedtak skal vedtaket grunnjevast (samtidig) jfr forvaltningslova | 24, 1. ledd. Dette skal sikre at rett avgjerle, etterprøvbarheit og at mottakaren forstår innhaldet i vedtaket. Det skal ligge føre ei skriftleg grunngeving for vedtaket som inneheld dei reglane som vedtaket bygg på og dei faktiske forholda som har vore avgjerande. Hovudmomenta ein har lagt vekt på ved utøving av skjønnet bør gå fram i grunngevinga. Jfr forvaltningslova § 25, 1. ledd.

Når det gjel omfang og presisjon av grunngevinga skal det etter god forvaltningsskikk vere slik at krava til kor detaljert grunngevinga skal vere aukar i takt med kor inngripande vedtaket er for vedkomande. Mottakaren skal vere klar over kva avgjerd som ligg til grunn og i varierende grad korleis avgjerda konkret er tolka dersom det er eit tolkingsspørsmål knytt til avgjerdsla.

Det er derimot slik at dersom dei faktiske forholda er beskrivne av parten sjølv eller i eit dokument som er gjort kjent for parten, kan å vise til tidlegare framstilling vere tilstrekkelig, jfr forvaltningslova § 25, 2. ledd.

3.5 dokumentering

Det går fram av rundskriv 35 kap 5.43.2.3 at opplysningar i ei sak skal dokumenterast skrifteleg, anten i form av innhenta dokument eller notert i søknad eller øvrige saksdokument. Skrifteleg dokumentasjon sikrar at tenestemottakaren sin rettssikkerheit og gjer det mogeleg å etterprøve og vurdere saka. Korleis opplysningane skal dokumenterast må vurderast individuelt ut i frå tenestemottakaren sin situasjon, og konkret ut i frå opplysningane det gjeld.

Hovudregelen er at opplysningane som er nødvendige for saka skal vere skriftlege i form av innhenta dokument, som lønsslipp, husleigekontrakt, saldoutskrift og likning. Det skal ikkje innhentast fleire dokument enn det som er nødvendig i den enkelte sak.

I dei tilfelle tenestemottakaren ikkje legg fram dokumentasjonen som blir etterspurd, eller på annan måte dokumenterer opplysningane, skal NAV- kontoret framleis vurdere tenestemottakaren sitt behov med bakgrunn i kor sannsynleg det er at opplysningane som er gitt.

Munnlege opplysningar som NAV- kontoret innhentar, frå for eksempel samarbeidspartnarar skal dokumenterast skrifteleg og leggest ved saka.

3.6 Aktivitetsplikt

Etter endring av lov om sosiale tenester frå 01.01.17 har kommunane no ei plikt å tilby aktivitet for personer under 30 år som søker sosialhjelp. I paragraf 20 a heter det at «*det skal stilles vilkår om aktivitet for tildeling av økonomisk stønad til personer under 30 år, med mindre tungtveiende grunner talar imot det*».

Rundskriv Hovednr. 35 sosialtenestelova.

§20 a. Bruk av vilkår for personer under 30 år. (tilføyd 2/17)

Det skal stilles vilkår om aktivitet for tildeling av økonomisk stønad til personer under 30 år, med mindre tungtvegande grunner talar mot det. Det kan også stilles andre vilkår for tildeling av økonomisk stønad inkludert vilkår etter § 25.

Ved brot på vilkår kan det fattast vedtak om at stønaden reduserast, om det i vedtaket om stønad er informert om muligheita for slik reduksjon.

4.20a.1 om bestemmelsen

Vilkår innebærer at det knyttes en plikt, et pålegg eller en begrensing til vedtaket om tildeling av økonomisk stønad. Vilkår innebærer også plikter for NAV-kontoret ved at vilkåret som stilles må være hensiktsmessig, det må foreligge et system for å kunne fange opp om vilkår oppfylles eller ikke, og konsekvensene av vilkår ikke oppfylles må håndteres.

Vilkår om aktivitet innebærer at det må kunne tilbys lavterskel aktivitetstiltak for tjenestemottakere som vil ha arbeid som eit langsiktig og usikkert mål, ulike grader av tilrettelagte og kompetansehevende eller kvalifiserende tiltak, og arbeidsrettede aktiviteter for personer som har arbeidsevne, men som har behov for å vedlikeholde sin kompetanse i påvente av et egnet arbeidstilbud

Vilkår kan være aktuelt i mange ulike tilfeller, blant annet for å redusere utgifter og øke inntekter. Helt sentralt er vilkår for å styrke tjenestemottakers muligheter til å bli selvforsørget gjennom arbeid.

4.20.2.2 Hvordan skal det settes vilkår?

Vilkårssetting ved tildeling av økonomisk stønad er utøvelse av offentlig myndighet på et område som er av grunnleggende og vesentlig betydning for den enkelte. Å stille vilkår for en stønad tjenestemottaker har rett til, stiller strenge krav til saksbehandlingen. Nav kontoret skal derfor fatte et skriftlig begrunnet vedtak som uttrykkelig viser at det er satt vilkår, kva vilkåret går ut på og konsekvensen viss vilkåret brytes. Vedtaket må også opplyse om adgangen til å klage på vilkåret. NAV-kontoret må sikre at risikoen for misforståelser og uenighet om vilkår og konsekvensene av brudd blir så liten som mulig.

Vilkår for aktivitet:

Det skal stillast vilkår om aktivitet for tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år. Ved brot på vilkår kan det fattast vedtak om at stønaden reduserast, men for at det skal kunne fattast eit slikt vedtak må det i stønadsvedtaket vere informert om moglegheita for ein slik reduksjon.

Det går ikkje fram av lova konkret kva som blir klassifisert som vilkår for aktivitet. I artikkel frå arbeids og sosialdepartementet (02.05.17) går det fram kva vilkår om aktivitet kan vere:

- Lågterskel aktivitetstiltak for sosialhjelpsmottakar som har arbeid som et langsiktig og usikkert mål
- Ulike grader av tilrettelagte og kompetansehevande eller kvalifiserande tiltak
- Arbeidsretta aktivitetar for personar som har arbeidsevne, men som har behov for å vedlikehalde sin kompetanse i påvente av eit egna arbeidstilbod.

Reaksjonar ved brot på aktivitetsvilkår:

Sosialtenestelova gir tilgong til å redusere stønaden ved brot på vilkåret om aktivitetsplikt. Brot på vilkår kan også få andre konsekvensar enn å redusere stønaden.

Om konsekvensen er ein reduksjon i stønaden, er eit vilkår at stønaden ikkje reduserast til eit uforsvarleg lågt nivå. Dette betyr at sosialhjelpmottakaren må ha tilstrekkelig med midlar til å kunne dekke dei aller mest nødvendige behova som mat, straum og buutgifter.

3.7 Sakshandsamingstid

Forvaltningslova inneheld ikkje konkrete fristar for sakshandsaminga i den offentlige forvaltning. Etter forvaltningslova § 11a skal forvaltningsorganet avgjere saka utan ugrunna opphald.

Oppsummert:

- Det skal ligge føre ein søknad før ei utbetaling av økonomisk sosialhjelp.
- NAV skal foreta ei utgreiing av hjelpebehovet og sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg før det vert fatta vedtak
- Opplysningar i saka skal dokumenterast skriftelig. Eksempel kan vere: Lønsslipp, husleigekontrakt, saldoutskrift og likning.
- Det skal ligge føre enkeltvedtak i samband med økonomisk sosialhjelp og enkeltvedtaket skal bla. tilfredstille krava i forvaltningslova.
- Det skal stillast vilkår om aktivitet for tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år, med mindre tungtvegande grunner taler mot det. I dei tilfelle ein kjem til at det ikkje kan stillast vilkår om aktivitet bør dette grunnjevast og gå tydeleg fram av vedtaket.
- Det skal gå tydeleg fram av vedtaket kva vilkåret går ut på og konsekvensen om vilkåret brytast. Vedtaket må også gi informasjon om tilgangen til å klage på vilkåret.
- Kommunen skal tilby lågterskel aktivitetstiltak for tenestemottakarar.
- Kommunen må ha eit system for å fange opp om villkåra vert oppfylt eller ikkje. Konsekvensar av vilkår som ikkje blir oppfylt må også handterast.

4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane.

Prosjektet er retta mot dei kommunale oppgåvene ved NAV-eininga og her tildeling av økonomisk sosialhjelp og oppfølging av tenestemottakarar under 30 år i høve aktivitetsplikt. Arbeidet er derfor avgrensa mot andre kommunale NAV- oppgåver og ansvarsområdet. Prosjektet vil i hovudsak ha fokus på sakshandsaming, dokumentasjon og enkeltvedtak, samt oppfølging av aktivitetsplikt.

Metodebruk baserar seg i hovudsak på gjennomgang av vedtak og dokument som er relevante for tildeling av økonomisk sosialhjelp, og internkontroll på området. Utvalet av klientmapper vart basert på eit utplukk av klientar som hadde fått utbetalt over 10 000kr i løpet av kontrollåret 2017. Det var tilsaman 22 brukarar som oppfylde dette kriteriet. Ved gjennomgang av enkeltvedtak og tilhøyrande dokumentasjon kontrollerte ein fysiske mapper på bakgrunn av oversikt over utbetalningar og enkeltvedtak frå det elektroniske sakshandsamingssystemet.

Det blei kontrollert 20 klientar der 8 var under 30 år (alle under 30 år blei kontrollert). For kvar klient plukka ein ut 1- 5 vedtak med tilhøyrande underdokumentasjon.

Ei av sakene ein plukka ut, fant ein ikkje den fysiske mappa på. Ein fekk tilbakemelding med administrasjonen at ein skulle leite etter den og gi tilbakemelding, men ein har ikkje fått noko tilbakemelding pr. 19.10.18.

Revisjonen har også hatt møte/samtale med kommunalsjefen for helse- og omsorg og leiar for NAV-Vanylven.

4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Oversiktsliste over brukarar og enkeltvedtak.
- Klientmapper
- Enkeltvedtak og underdokumentasjon

4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale den 30.10.18. Ein fekk tilbakemelding 06.12.18. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

4.3 Avgrensing

Kontrollen av enkeltvedtak er avgrensa til å gjelde rekneskapsåret 2017, men ein har også sett på utviklinga over utbetalingar lenger bak i tid for å avdekke eventuelle trendar/utvikling.

5 Deskriptiv analyse

Nedanfor går det fram nokre oversikter over utbetalinger og antal brukarar dei 3 siste åra. For 2018 har ein sett på tal for første halvår (kontrollen blei gjennomført i juli).

5.1 Oversikt over utbetalinger 2015-2018:

Totale utbetalinger i høve økonomisk sosialhjelp			
År	Antal brukarar	Antal Betalingar	Sum betalinger
2015	44	317	1 355 819
2016	37	226	929 338
2017	32	238	825 912
1.H 2018	38	258	1 027 640


Som det går fram av oversikta hadde ein i Vanylven i 2015 totalt 44 brukarar som tok i mot økonomisk sosialhjelp. Det blei gjennomført 317 utbetalinger som utgjorde tilsaman 1 355 819kr. I 2016 såg ein nedgang både i antal brukarar (37) og utbetalinger (226). Dei totale utbetalingane var på 929 338 kr. Ein såg vidare ein nedgong også i 2017 med 32 brukarar, 238 utbetalinger og totalt 825 912 kr utbetalt. For første halvår 2018 var det ein markant auke i antal brukarar og utbetalinger. Pr 30.06.18 hadde ein 38 brukarar som hadde fått utbetalt 1027 640 kr fordelt på 258 utbetalinger. Dette er ca 200 000 kr meir enn for heile 2017.

5.2 Detaljert oversikt utbetalinger for kvart år:

Nedanfor går det fram detaljert oversikt for åra 2015, 2016, 2017 og første halvår 2018.

5.2.1 Utbetalinger 2015

2015	
Betalingskategori:	Sum
Akutthjelp	9 301
Livsopphald	584 109
Buutgifter	518 185
Reise	550
Straumutgifter	100 716
Lån	99 000
Tannbehandling	17 880
Medisinske utgifter	1 800
Forsikring	2 233
Barnehage	2 870
Anna	19 175
Totalt	1 355 819




For 2015 var det totalt utbetalt ca 1,35 mill kr i økonomisk stønad. Oversikta ovanfor viser dei ulike betalingskategoriane. Dei største utgiftene var knytt til Livsopphald (584 109 kr) som utgjorde 43% og Buutgifter (518 185 kr) som utgjorde 38%. Stønad knytt til

straumutgifter og lån utgjorde hhv. 8% og 7%. Vidare såg ein mindre beløp på dei andre kategoriane.

5.2.2 Utbetalningar 2016


2016	
Betalingskategori:	Sum
Akutthjelp	12 040
Livsopphald	339 684
Buutgifter	311 954
Reise	15 366
Straumutgifter	25 801
Lån	110 800
Tannbehandling	23 815
Medisinske utgifter	2 379
Barnehage	4 886
Kommunale avgifter	4 156
Anna/diverse	78 457
Totalt	929 338



For 2016 var det totalt utbetalt 929 338 kr i økonomisk stønad. Dei største utgiftene var knytt til Livsopphald (339 684 kr) som utgjorde 37% og Buutgifter (311 954 kr) som utgjorde 34%. Stønad knytt til lån og anna/diverse var hhv. 12% og 8%. Vidare såg ein mindre beløp på dei andre kategoriane. Største reduksjonane reint utgiftsmessig samanlikna med 2015 var knytt til dei to største kategoriane (reduksjon på mellom 200 000 - 250 000kr).

5.2.3 Utbetalningar 2017

2017	
Betalingskategori:	Sum
Akutthjelp	41 632
Livsopphald	393 656
Buutgifter	194 182
Reise	3 743
Straumutgifter	15 619
Lån	42 597
Tannbehandling	33 040
Medisinske utgifter	12 582
Forsikring	5 465
Barnehage	4 600
Anna/diverse	73 958
Totalt	821 073




For 2017 var det totalt utbetalt 821 073 kr i økonomisk stønad. Dei største utgiftene var knytt til Livsopphald (393 656 kr) som utgjorde 48% og Buutgifter (194 182 kr) som utgjorde 24%. Stønad knytt til anna/diverse og lån utgjorde hhv. 9% og 5%. I tillegg utgjorde akutthjelp ca 5% av dei totale utgiftene. Vidare såg ein mindre beløp på dei andre

kategoriene. Største reduksjon reint utgiftsmessig samanlikna med 2016 var knytt til buutgifter (reduksjon på 117 772 kr).

5.2.3 Utbetalningar første halvår 2018

1. h. 2018	
Betalingskategori:	Sum
Akutthjelp	21 587
Livsopphald	568 833
Buutgifter	353 393
Reise	8 178
Straumutgifter	43 251
Tannbehandling	8 762
Medisinske utgifter	5 851
Forsikring	2 566
Kommunale avgifter	2 002
Anna/diverse	9 956
Totalt	1 024 379



For første halvdel av 2018 var det totalt utbetalt 1 024 379 kr i økonomisk stønad. Dei største utgiftene var knytt til Livsopphald (568 833 kr) som utgjorde 56% og Buutgifter (353 393 kr) som utgjorde 34%. Disse to betalingskategoriene stod for 90% av dei totale utbetalinga. Samanlikna med dei tidlegare åra ser ein i første halvdel 2018 ein markant auke i utbetalningar og kommunen har utbetalt ca 200 000 kr meir i første halvdel av 2018 enn for heile 2017.

6 Problemstilling 1

«Har kommunen etablert tilfredstillande rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp?»

6.1 Revisjonskriterium

Viser til kapittel 3 for detaljert framstilling av revisjonskriterium. Nedanfor går det fram ei oppsummering av dei kriterium ein har kontrollert:

- Det skal ligge føre ein søknad før ei utbetaling av økonomisk sosialhjelp.
- NAV skal foreta ei utgreiing av hjelpebehovet og sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg før det vert fatta vedtak
- Opplysningar i saka skal dokumenterast skriftelig. Eksempel kan vere: Lønsslipp, husleige kontrakt, saldoutskrift og likning.
- Det skal ligge føre enkeltvedtak i samband med økonomisk sosialhjelp og enkeltvedtaket skal bla. tilfredstille krava i forvaltningslova.

6.2 Fakta

6.2.1 Enkeltvedtak – form og innhald

Ei avgjerd kring tildeling av økonomisk sosialhjelp vil i stor grad være eit skjønsspørsmål, og i den samanheng vil det vere avgjerande at det ligg føre ei grundig utredning av brukaren.

God forvaltningsskikk krev at sakshandsaminga skal vere skrifteleg for å kunne dokumentere faktagrunnlaget i enkeltvedtaket slik at det er mogeleg å etterprøve at vurderingane i vedtaket ikkje er basert på utanforliggende omsyn. Manglande skriftelegheit i sakshandsaminga kan svekke tilliten til avgjerda i enkeltvedtaket.

Ein kontrollerte 40 enkeltvedtak fordelt på 20 brukarar . Alle dei kontrollerte enkeltvedtaka følgde same mal og utforming. Enkeltvedtaka inneheldt:

- Søknadsdato
- Vedtaksdato
- Lovheimel mht. unnateke offentlighet.
- Informasjon om klagerett
- Informasjon om rett til innsyn
- Informasjon om kven som har fatta vedtaket
- Informasjon om utbetaling
- Saksopplysningar
 - Inntekter
 - Utgifter
- Grunngeving for vedtaket.

Det skal i underrettinga (vedtaksteksten) opplysast om klagefrist, framgangsmåte ved klage, samt retten til å sjå saka sine dokument (innsynsrett). Dette gjekk også fram av alle enkeltvedtaka. Alle vedtaka var også unnateke offentlighet, med tilhøyrande lovheimel. Nedst på vedtaket gjekk det fram kven som var sakshandsamar.

Gjennomgangen av enkeltvedtaka viste at i dei inneheldt saksopplysningar om søkjaren og livssituasjon. I tillegg gjekk det i dei fleste tilfelle fram informasjon om kva dokumentasjon som har vore innhenta og evt. møter og dialog søkjaren har hatt med NAV-kontoret. I tillegg inneheldt vedtaka stort sett ei oversikt over dokumenterte inntekter og utgifter.

Når det gjel omfang og presisjon av grunngevinga skal det etter god forvaltningsskikk vere slik at krava til kor detaljert grunngevinga skal vere aukar i takt med kor inngripande vedtaket er for vedkomande. Generelt sett vurderer ein vedtaka som grundige. Ein såg meir detaljerte grunngevingar i dei sakene som omhandla meir omfattande tiltak/stønad, og mindre detaljar i enkeltvedtak som omfatta mindre stønadar (typisk akuttbehov der brukar fekk utbetalt under 1000 kr).

NAV- Vanylven har valt å dokumentere eventuell dialog og viktige saksopplysningar i sjølve enkeltvedtaket og ikkje som eigne journalnotat i mappa.

6.2.2 Innhenting av dokumentasjon

Kva opplysningar som skal framskaffast i den enkelte sak må vurderast individuelt, men jfr forvaltningslova skal saka vere opplyst så godt som mogeleg. Ut i frå rettleiar er hovudregelen slik at dei opplysningar som er nødvendige for saka, skal vere skriftlege.

I høve søknadar knytt til bla livsopphald og buutgifter hadde ein forventning til at det låg føre bla. lønsslipp, husleigekontrakt, saldoutskrifter og likning. I tillegg hadde ein forventning om at det låg føre dokumentasjon (faktura/kvittering) i høve eventuelle kostnadsdekkingar det vart søkt om.

I alle sakene låg det føre søknad og enkeltvedtak. Utover dette varierte dokumentasjonen. Dokumentasjonsgraden varierte frå sak til sak og frå sakshandsamar til sakshandsamar.

Ein såg at det i stor grad var framlagt tilfredstillande dokumentasjon i høve kostnadsdekking av enkeltutgifter. I desse sakene låg det føre faktura/ tilbod eller kvittering. I høve vedtak om Bu- og livsopphaldutgifter såg ein i større grad variasjon i kor godt vedtaka var dokumenterte. Bu- og livsopphaldsutgifter spesielt knytt til langtidsklientar var i enkelte saker ikkje godt nok dokumenterte. Dette kan ha samanheng med at sakshandsamar kjenner forholda omkring klienten godt og/eller at dokumentasjon har vore innhenta tidlegare. Det gjekk i liten grad fram av vedtaka kva dokumentasjon som hadde vore innhenta tidlegare. Dokumentasjonen ein sakna gjaldt i hovudsak likningsoppgåver og husleigekontrakt. I dei fleste tilfelle låg det føre saldo/kontoutskrift, men dette var ofte berre knytt til ein konto.

6.2.3 Sakshandsamingstid

I høve sakshandsamingstid var 29 av vedtaka fatta innan ei veke, der 17 av dei var fatta same dag. 8 var fatta i løpet av 2-3 veker medan 3 vedtak hadde ei sakshandsamingstid på over 1 måned. Gjennomgangen av dei 3 enkeltvedtaka med lang sakshandsamingstid viste at grunnen til den forlenga sakshandsamingstida skuldast at ein venta på dokumentasjon av reelle utgifter og liknande.

6.3 Vurdering

6.3.1 Enkeltvedtak – form og innhald

Gjennomgangen av enkeltvedtaka viste at alle følgde same mal og utforming. Alle enkeltvedtaka ein kontrollerte inneheldt informasjon om klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage, samt retten til innsyn. Vedtaka var også unnateke offentlighet, med tilhøyrande lovheimel. saksopplysningar gjekk fram i sjølve enkeltvedtaket og ikkje som eigne journalnotat i mappa. Vedtaka oppfylte krava i høve forvaltningslova.

Med bakgrunn i forvaltningslova §24 skal enkeltvedtak grunngjevast, og grunngjevinga skal i hovudsak følgje enkeltvedtaket. NAV – Vanylven har valt og dokumentere eventuell dialog og viktige saksopplysningar i sjølve enkeltvedtaket og ikkje som journalnotat i mappa. Dette gjer at saksopplysningar som ligg til grunn for vedtaket i stor grad går fram av enkeltvedtaket. Dette bidreg til at mottakaren gjennom enkeltvedtaket får innblikk i dei faktiske forholda som har vore avgjerande for vedtaket.

6.3.2 Innhenting av dokumentasjon

Gjennomgangen viste at dokumentasjonen i høve enkeltvedtak generelt sett var god når det gjaldt dokumentering av utgifter.

I enkelte saker spesielt knytt til livsopphald/buutgifter, var ikkje dokumentasjonen god nok på formuesida til å kunne vurdere om klienten har krav på økonomisk sosialhjelp. I dei fleste sakene låg det føre kontoutskrift, evt. saldo for ein konto, men det er ikkje noko i vegen for at vedkomande kan ha andre bankkonti, evt. formue som ikkje vert avdekka her. Sjølv om situasjonen for klienten tilseier at vedkomande ikkje skulle ha formue eller anna inncome enn opplyst, så kan dokumentasjonen vere mangelfull og ein vil då ikkje ha eit godt nok grunnlag for utmåling av stønaden. Likning vil kunne gi indikasjonar i høve dette. I slike vedtak knytt til livsopphald/buutgifter er det ofte slik at vedkomande har søkt om dette tidlegare. Derfor kan dokumentasjon ha vore innhenta tidlegare, men dette gjekk ikkje fram av vedtaka.

Kommunen bør dokumentere alle inntekter og innhente kopi av likningsoppgåve over alle klientar. I tillegg til at underdokumentasjonen bør ligge i saksmappene, bør det i vedtaka gå fram ei oversikt som syner all dokumentasjon som har vore nytta i vurderinga av søknaden (også dokumentasjon som evt. har vore innhenta i samband med tidlegare vedtak). Dette vil kunne bidra til at sakshandsamar lettare får oversikt innhenta dokumentasjon og kva ein saknar/bør innhente.

6.3.3 Sakshandsamingstid

Gjennomgangen av søknadar og enkeltvedtak viste at i ca 3 av 4 vedtak var sakshandsamingstida på under ei veke. Forvaltningslova § 11 i høve sakshandsamingstid gir føringar på at ei sak skal avgjerast utan ugrunna opphald. I dei saker sakshandsamingstida var på over ein månad hadde dette naturlege forklaringar. Ein vurderer sakshandsaminga i dei kontrollerte sakene som tilfredstillande.

7 Problemstilling 2

Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps-mottakarar under 30 år? Blir aktivitetsplikta overheldt?

7.1 Revisjonskriterium

Viser til kapittel 3 for detaljert framstilling av revisjonskriterium. Nedanfor går det fram ei oppsummering av dei kriterium ein har kontrollert:

- Det skal stillast vilkår om aktivitet for tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år, med mindre tungtvegande grunner taler mot det.
- I dei tilfelle ein kjem til at det ikkje kan stillast vilkår om aktivitet bør dette grunngjevast og gå tydeleg fram av vedtaket.
- Det skal gå tydeleg fram av vedtaket kva vilkåret går ut på og konsekvensen om vilkåret brytast. Vedtaket må også gi informasjon om tilgangen til å klage på vilkåret.
- Kommunen skal tilby lågterskel aktivitetstiltak for tenestemottakar.
- Kommunen må ha eit system for å fange opp om villkåra vert oppfylt eller ikkje. Konsekvensar av vilkår som ikkje blir oppfylt må også handterast.

7.2 Fakta

I kontrollperioden var det i Vanylven 8 klientar som var under 30 år. Alle dei 8 var ein del av det totale utvalet og desse blei også kontrollert opp i mot aktivitetsplikta. Ei av sakene gjaldt bustønad for to månadar til ein skuleelev og sidan vedkomande gjekk skule vurderer ein ikkje aktivitetsplikta i denne saka. Totalt var det 7 saker ein hadde forventningar til at aktivitetsplikt og vilkår var vurdert.

For dei 7 klientane undersøkte ein om det gjekk fram vilkår og eventuelle konsekvensar om vilkåra ikkje blei oppfylt.

7.2.1 Vurdering av aktivitetsplikt:

Gjennomgangen viste at aktivitetsplikt i liten grad hadde vore vurdert. I to av dei sju sakene kunne ein lese ut i frå vedtaket at aktivitetsplikta hadde vore vurdert. I den eine saka var aktivitetsplikta oppfylt ved at vedkomande hadde delteke å jobbsjansen. I den andre saka gjekk det fram at ein hadde vurdert aktivitetsplikta men konkludert med at vedkomande var under behandling og ikkje i stand til å vere i arbeidsretta aktivitet før helsa blei betre. I dei andre fem sakene sjekka ein fleire vedtak og ein kunne ikkje sjå at det gjekk fram av vedtaket at aktivitetsplikta hadde vore vurdert.

7.2.2 Vilkår for aktivitet:

Ingen av dei kontrollerte vedtaka inneheldt konkrete vilkår for aktivitet. Det gjekk naturlegvis heller ikkje fram eventuelle reaksjonar ved brot på vilkår.

7.2.3 Aktivitet/ arbeidsretta tiltak i Vanylven kommune:

Nedanfor går det fram ei oversikt over arbeidsretta tiltak og aktivitetar som Kommunen/NAV nyttar i arbeidet med å få klientar ut i arbeid/ aktivitet:

- Tynnaknuten: Kommunalt aktivitetstilbod innanfor rusområdet som skal vere eit lågterskeltilbod. Tynnaknuten er ein gard, med diverse dyr, verkstader, mekanikk, maling, hobbyvirksomheit, treindustri, matlaging, sy/strikking, miljøarbeid. 3 dagar pr veke. Dei som ikkje greier å kome seg dit sjølv blir henta og kjørt heim.
- ASVO vaskeriet: I hovudsak for klientar på trygd, men blir også brukt av og til som ein plass for nye å starte. 4-5 plassar.
- Kommunale arbeidsplassar: Ulike avdelingar innan helse og omsorg, teknisk, barnehage/skule . Administrasjonen har informert om at dei kommunale arbeidsplassane blir bruk mykje.
- Stenbakken: Kommunalt aktivitets/arbeidstilbod for trygda og personar som skal ut i arbeid igjen. Trearbeid, mekanisk, vedproduksjon og sosial trening. Ca 15 plassar.
- Privat sektor: Blir brukt i stor grad for arbeidstrening.
- Jobbsjansse for unge vaksne: I 2016 starta kommunen med prosjekt «jobbsjansse for unge vaksne». Det overordna målet for prosjektet er å førebyggje problemutvikling blant risikoutsette vaksne i alderen 16-23 år. Prosjektet er både ei systematisk oppsøkande verksemd i form av kontakt med unge vaksne gjennom politi, NAV og vidaregåande skule, men også ei individretta verksemd med individuell oppfølging der å sikre unge vaksne eit aktivitetstilbod er det viktigaste arbeidet.

I eit av vedtaka gjekk det fram at klienten deltok på jobbsjanssen, utover dette inneheld ikkje dei kontrollerte vedtaka noko vilkår for aktivitetsplikt/aktivitetar og ein kunne derfor ikkje sjå at dei ovannemnde tiltaka hadde vore nytta i høve klientar under 30 år.

7.3 Vurdering

7.3.1 Vurdering av aktivitetsplikt:

Gjennomgangen av enkeltvedtak viste at i dei fleste sakene hadde kommunen ikkje vurdert aktivitetsplikta i vedtaka. Frå 1. januar blei det lovfesta om at kommunen skal stille krav om aktivitet for sosialhjelpsmottakarar under 30 år. Kommunen bør utarbeide ei rutine for at

alle klientar under 30 år blir fanga opp og vurdert mht. aktivitetsplikt og at vurderinga går skrifteleg fram i stønadsvedtaket.

7.3.2 Vilkår for aktivitet:

I enkeltvedtaka ein kontrollerte var det ikkje satt vilkår for aktivitet. Kommunen bør i samband med vurdering av aktivitetsplikt også vurdere om det bør settast eventuelle vilkår for aktiviteten.

Formålet med å stille vilkår er å bidra til å motivere og påverke mottakaren av sosialhjelpa til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon. Det er viktig å påpeike at stønaden uansett ikkje kan reduserast til eit uforsvarleg nivå og at klienten må ha tilstrekkelige midlar til å kunne dekke dei mest nødvendige behova for mat, straum og buutgifter. Bruk av vilkår bør utformast til klienten sitt beste, slik at det er mulig for klienten i påvente av å få seg lønna arbeid, kan utføre arbeid for stønaden vedkomande mottar. Skal kommunen nytte seg av moglegheita for å redusere stønaden ved brot på vilkåret er det viktig at eventuelle reaksjonar går klart fram i enkeltvedtaket slik at klienten blir godt kjend med vilkåra og evt. kva brot på desse vil kunne medføre. Det er også viktig at kommunen ved vilkårssetting også vurderer evt. kva som kan reduserast for å halde seg innanfor eit forsvarleg nivå.

7.3.3 Aktivitet/ arbeidsretta tiltak i Vanylven kommune:


Kommunen viser til fleire arbeidsretta tiltak og aktivitetar. Det går derimot i svært liten grad fram av stønadsvedtak om desse tiltaka/aktivitetane har vore nytta i samband med å stille krav til aktivitet for sosialhjelpsmottakarar under 30 år. Vi har derfor ikkje grunnlag for å kunne seie at arbeidsretta tiltak har vore nytta mot sosialhjelpsmottakarane under 30 år.

Kommunen bør få på plass rutine for å fange opp og følgje opp klientar under 30 år med omsyn til aktivitetsplikt og eventuelle vilkår. Kommunen bør vurdere om dette arbeidet/ansvaret fell under «Jobbsjanse for unge vaksne» sitt virke då deira hovudmål skal vere å drive individuell oppfølging for å sikre unge vaksne eit aktivitetstilbod.

8 Anbefalingar

1. Kommunen bør dokumentere alle inntekter og innhente kopi av likningsoppgåve over alle klientar.
2. Kommunen bør utarbeide ei rutine for at alle klientar under 30 år vurdert mht. aktivitetsplikt og at vurderinga går skrifteleg fram i stønadsvedtaket.
3. Kommunen bør i samband med vurdering av aktivitetsplikt også vurdere om det bør settast eventuelle vilkår for aktiviteten.
4. Kommunen bør få på plass ei ordning der klientar under 30 år blir fanga opp og kontinuerlig følgt opp med omsyn til aktivitetsplikt og eventuelle vilkår.

9 Rådmannen sin kommentar



Tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapport vedk. økonomisk sosialhjelp

Rapporten har vore gjennomgått på møte med alle tilsette på NAV Vanylven. NAV kontoret bruker rapporten som ein mal for å få på plass dei anbefalingane som er skissert i rapporten.

Problemstilling 1: Rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp

Problemstilling 2: Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps mottakarar under 30 år, blir aktivitetsplikta overhalde

Anbefalingar:

Vi tek anbefalingane frå revisjonsrapporten til vitande, og arbeidar inn anbefalingane i rutinane. Dokumentasjon inntekt og likningsoppgåver: Dokumentasjon og likningsoppgåver blir no synleggjort i vedtaket. Anser desse anbefalingane som innfridd.

Aktivitetsplikt: Vurdering av aktivitetsplikt går no skriftleg fram i vedtaket. Vilkår for aktiviteten blir vurdert. Vi har ein fast person på Nav som følgjer opp kontinuerleg aktivitetsplikt og vilkår. Det blir jobba tett saman med «jobbsjansen». Anser anbefalingane som innfridd.

Med helsing

Arnhild Nordaune kommunalsjef

Helse og omsorg

Vanylven kommune



Tlf 700 30000 | Dir 70030006 | Mob 95458353